

Lag din eigen juledekorasjon

Bø og Sauherad Hagelag inviterer til møte på Frivilligsentra- len i Bø torsdag i neste veke. Lene Riis frå Blomsterstemning i Bø demonstrerer korleis ein kan lage fine dekorasjonar til jul. Ho vil også ha med litt materiell for sal. Deltakarane blir oppfordra til å ta med eit fat eller ei krukke til å lage din eigen dekorasjon i. Det blir som vanleg servert gode kaker, te og kaffi. Det blir også utlodning med fine premiar.



Tips kánn:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45

aboane



Heim kjære heim. Ingunn Espesett Vreim (f.v.), Liv Kristin Løvoll, Kristin Ødegård Vestgarden og Kristin Digranes Bøen inviterer til ope møte om eldreomsorg i Bø. Her står dei ved hovudinngangen til dei nye omsorgsbustadane der skrifa på veggjen ber bodskap om «Heim kjære heim» og «Trivsel, omsorg og kjærleik».

Trygg på framtida

Framtidas helse- og omsorgsteneste er tema på eit komande ope folke- møte i regi av Bø kommune.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no – tlf 906 38 453

På kveldstid onsdag 19. november blir det arrangert ope folke- møte om framtidas helse- og omsorgstenester i Bø. Tittel på møtet er «Trygg i Bø».

Møtet blir halde i 2. etasje på dei nye omsorgsbustadane, og arrangørar er helse- og velferds- utvalet og administrasjonen i Bø kommune.

Trygg omsorg

– Administrasjon og politikarar ønskjer å gje folk i Bø god og riktig informasjon om helse- og omsorgstenestene slik at alle partar skal vere trygge på at folk skal få den hjelpa og tenesta ein treng og har krav på, seier leiar for utval for helse og velferd, Kristin Ødegård Vestgarden.

Bø kommune inviterer både

eldre, frivillige lag og organisasjonar, pårørande og alle som har interesse for eldreomsorg til møtet.

– Me vil også gje informasjon om omstillinga og omorganiseringa som har skjedd og som fortsatt skjer, og om økonomisitasjonen på dette feltet, seier einingsleiar Ingunn Espesett Vreim.

Møtet vil også gje informasjon om og frå tildelingskontoret, eldrerådet og råd for funksjonshemma.

– Me vil ha både folk og frivillige organisasjonar som jobbar med eldreomsorg i tale under møtet, seier Ødegård Vestgarden.

– For å få ei god eldreomsorg i framtida vil kommunen vere svært avhengig av frivillige organisasjonar og dei pårørande, slår Espesett Vreim fast, og legg til at denne gruppa kjem til å bli ein stadig viktigare ressurs for kommunen.

Vil ha innspel

Noko av målet med møtet er å få til ein dialog mellom alle partar som kjem i kontakt med eldreomsorg.

– Møtet er også eit tilbod for folk og pårørande som er engstelige for framtida. Nokon lurar kanskje på kva det inneber for dei pårørande å få sine eldre inn i eldreomsorga, seier Ødegård Vestgarden, og legg til at ein vil at møtet skal bidra til å folk skal bli trygg på framtida.

– Me ønskjer å stille spørsmål om kva frivillige organisasjonar kan bidra med i ei trygg eldreomsorg, seier ho.

Politikarane i helse- og velferdsutvalet håpar på godt oppmøte og ein god dialog.

– Møtet er ein viktig møteplass for alle som er opptekne av eldreomsorg. Me ønskjer oss tettare dialog mellom alle partar og me som politikarar treng innspel i vårt arbeid, seier utvalstrioen Liv Kristin Løvoll, Kristin Ødegård Vestgarden og Kristin Digranes Bøen, og legg til at dei håpar på godt oppmøte med stort engasjement frå mange.

Møtet er også eit høve for folk å sjå korleis dei nye omsorgsbustadane ser ut og fungerer.

rane og at me skal få tenester av god kvalitet der dei bur. Me må hugse på at kommunane i Midt-Telemark allereie har trent på å samarbeide om å løyse oppgåver og tenester gjennom det interkommunale samarbeidet me har hatt i fleire år, sa Kasland, som var tydeleg på at ein ikkje må innbille seg at kommunane blir rikare etter ei samanslåing.

– Ein større kommune vil likevel bli meir robust enn kvar enkelt kommune kvar for seg, sa Kasland.

Eit tema fleire var opptekne av var om Nome og Sauherad kjem til å dele kommunane sine i den komane samanslåinga. Fleie var

innom temaet om halve Nome med Lunde går mot Midt-Telemark og den andre delen med Ulefoss trekkjer mot Grenland.

– Det som er heilt sikkert er at det blir fleire folkemøte, og at dette blir ei viktig sak for alle det komande året. Men noko valkampsak blir det ikkje i Bø, avslutta Kasland.